

Kulturkontoret
v/Eileen Feste

Knarvik 05.06.14.

Uttale til framlegg om kulturmidlar 2014 frå Lindås kulturråd

Interrimstyret i Lindås kulturråd er takksam for at kulturrådet som er under opparbeiding i kommunen skal få vere med på å gje uttale om framlegga til kulturmidlane, unntak for idrett. 2014 er første gong vi skal delta i dette arbeidet med vår kompetanse.

Styret har imidlertid fått særskilt kort frist til å komma med sine innspel og heller ikkje fått alt talmaterialet på bordet til uttale. Det har dermed ikkje vore noko grunnlag å ta standpunkt til. På bakgrunn av dette ser kulturrådet det som umogleg å gje ei god og gjennomtenkt vurdering av framlegga. Kulturkonsulenten fekk imidlertid nokre innspel frå styret under eit møte, som skulle vurderast i dei endelige framlegga.

Kulturrådet sit med stor kompetanse og erfaring innan ulike felt i kulturlivet og kan vere ein stor ressurs i arbeidet med kulturmidlane i kommunen. Det er viktig å gjere merksam på at skal kulturrådet i framtida kunne gje sin uttale til framlegg om kulturmidlar, må vi få dette på bordet i god tid, slik at desse kan verte vurdert på eit godt grunnlag.

For Lindås kulturråd

Hilde A. Hagesæther, leiar interrimstyret, sign.
Rune Brundtland
Johannes Rydland
Gro Sundal